

Miljødirektoratet
Postboks 5672 Sluppen
7485 TRONDHEIM

Att: Rita Romsås Fjeldberg

Dykkar ref:

Vår ref: 2014/1131

Bergen 14.10.2014

Arkivnr. 323

Løpenr: 10704/2014

HØRING - SØKNAD OM UTSLIPP AV PFC FORBINDELSER - ENDRING AV TILLATELSE ETTER FORURENSNINGSLOVEN FOR HALLIBURTON AS MONGSTADBASE

Vi viser til søknad frå Halliburton AS Mongstadbase om utslepp av 4 kg/år for sum av 18 perfluorerte forbindelsar i samband med mottak og reinsing av farleg avfall frå oljeproduksjon. Avfallet stammar hovudsakleg frå boreslam, borekaks, slop og vaskevatt. Søknaden er basert på ei måling av sum perfluorerte forbindelsar i reinsevatnet og gir ingen informasjon om kor effektivt bedriften klarer å reinse desse. Bedriften mottek 240000 m³ oljehaldig avfall per år og 60000 m³ borekaks.

I Fensfjorden er det registrert gytefelt og oppvekstområde for kysttorsk og fleire lokalitetar for oppdrettsfisk (<http://kart.fiskeridir.no/>).

Norske myndigheter har laga ei prioriteringsliste over kjemikalie som utgjer ein alvorleg trussel mot helse og miljø og som det kontinuerleg blir arbeidd for å redusere utslepp av. Målet er å stanse utsleppa innan 2020 (NOU 2010:9 Et Norge uten Miljøgifter). Perfluorerte forbindelsar står på denne lista. For å vere i stand til å nå dette målet er det viktig å stille strenge krav til bruk og substitusjon der det er mogleg. I tillegg er det viktig at ein kan dokumentere at best tilgjengeleg teknologi blir brukt i reinseprosessen for å stanse eller redusere utsleppet til eit minimum.

Vår vurdering er at bedriften må dokumentere reinsegraden for perfluorerte forbindelsar før ein kan vurdere utsleppssøknaden.

Ved utslepp av miljøgifter, bør ein overvake nivå og moglege effektar i miljøet.

Vennleg helsing

Bjørn Einar Grøsvik
Forskar, dr. scient.

Kopi til:
Nærings- og fiskeridepartementet
Fiskeridirektoratet